

Rettleiande retningsliner for Dugnadspotten

Ål Musikkråd

Søknad om midlar frå dugnadspotten kan ein fremje heile året.

Midlane i denne potten skal i hovudsak nyttast til å honorere lag og grupperingar som gjer ein ideell musikalsk innsats for innbyggerane i Ål, utan å få godtgjersle frå arrangør. Ål Musikkråd prioriterer lag/grupperingar for og med born og unge ved tildeling av midlar frå dugnadspotten.

1. Berre lag/grupperingar (heretter kalt søkaren) kan søke på denne potten, ikkje einskildpersonar. Unntaket er born og unge; Einskildpersonar eller musikkgrupper/band der alle medlemmer er under 18 år, kan søke om midlar frå dugnadspotten.
2. Søkjaren må vere medlem av, eller representere ein medlemsorganisasjon i Ål Musikkråd.
3. Søkjaren kan få inntil kr 5 000,- per tiltak i midlar frå dugnadspotten. Potten er eit tilskot til søkaren si klubbkasse. Det er ikkje faste satsar for tilskot, men Ål Musikkråd vurderer omfanget av aktivitetane.
4. Søknadar om midlar frå dugnadspotten skal innehalde ein kort omtale av tiltaket, tidspunkt, stad og varigheit.
5. Søknad om midlar kan ein sende inn på førehand. Innvilga beløp vil ikkje bli utbetalt før aktiviteten er gjennomført. Ein kan og sende inn søknad etter gjennomført aktivitet.
6. Søknader kan fremjast gjennom heile året med ein siste frist 1. februar påfølgande kalenderår. Søknad for gjennomført dugnadstiltak må foreligge styret innan 3 månader etter at dugnadstiltaket har funne stad.

Vedtatt 22. august 2012.

Endret 19. mars 2014 (*Punkt 6*)

Endret på årsmøtet 18. februar 2015

Endret på årsmøte 4. mars 2020